

TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SGN OG FJORDANELAGET I OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 1

2015

ÅRGANG 30


Flott biletreportasje frå gjenopninga av Pustut og smalahovehelg

GLADMELDING

Gjenopning og smalahovehelg
laurdag 25. oktober frå kl. 15.00



*Sogn og Fjordanelaget i Oslo
ynskjer alle sine medlemer
velkommen til
årsmøte
19. februar kl. 19.*



Nytt år med nye tilbod

Godt nytt lagsår! Også i 2015 har me mykje bra på programmet, og det første lagsfolk kan ta del i, er • **årsmøtet torsdag 19. februar kl. 19.** Då kan du påverka lagsdrifta med å delta. Du finn innkalling og årsmelding i denne sendinga.

2015 vil stå mykje i gamle Nordfjordlaget sitt teikn; det skulle – om det framleis hadde vore eige lag – fylt 100 i år – 27. mars. Då ville også ein nestor i Nordfjordlaget og leikarringen, *Sigurd Nesdal*, ha runda 100 hadde han levtt. Så Sogn og Fjordanelaget bed inn til feiring

- **fredag 27. mars kl. 18.00** i Blåsalen i Bygdelagshuset, Nordahl Bruns gate 22. Det vert heilt uformelt, med hovudvekt på forteljing frå 'gamle dage', mat og prat, allsong og litt musikk. Heile stasen kostar – sjølvsagt – 100 kroner.
Ver velkomne til ein hyggjekveld! Meir i neste lagsblad.



- Men før den tid er det på **torsdag 5. mars kl. 20.30** konsert og plateslepp med *Linda Gytri trio* på Riks-scenen for folkemusikk, Schouskvartalet på Grünerløkka (dørene opnar kl. 19), kostar 180 kr.

Linda Gytri frå Oddenalen spelar trekkspel i særklasse (hugs berre på klubbefesten for eit par år sidan). Ho har med seg *Anders Bitustøyl*, kontrabass og *Timo Alakotila* på piano/trøorgel.

Sjå <http://www.riksscenen.no/linda-gytri-trio.5639987-322117.html>

- Leikarringen vår, *Sogn og Fjordaneringen*, som passerte 60 i fjor, held dei faste øvingane på tysdagane og dei folkedansane som ringen er ansvarleg for på sundagskveldane i vinter og vår.

- Og så må me minna om at no er både *Nordfjordhytta* på Rykkinn uti Bærum, og *Sunnfjordhytta Pustut*, nyrestaurert og innbydande, ved Sinober inni Lillomarka, freistande å bruka i helgane, for ein billeg penge for lagsfolk. Også andre sluttar lag, familiar og venegjengar kan leiga hyttene. Det er praktfulle forhold i markene no.
Sjå kontaktpersonar på baksida av lagsbladet.

For vårprogrammet, fylg med på nettsidene våre: <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://www.sognogfjordaneringen.no/>

Alv Reidar Dale
Lagsleiar

Påminning om årsmøtet 2015

Årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget 2015 vert **torsdag 19. februar kl. 19.00** i Nordahl Bruns g. 22. Faste saker til handsaming er årsmelding og rekneskap for 2014, medlemspengar for 2016, å vedta planar og budsjett for 2015, val av tillitsfolk i laget og utsendingar til årsmøte i BLS. Og me vil drøfta markering av 100-årsjubilea til laget/laga.

Innkalling med sakspapir vert send ut med denne sendinga.

Styret i Sogn og Fjordanelaget i Oslo

Alv Reidar Dale, leiar

– og hugs medlemspengar 2015

I år sender me ut giroane for betaling av medlemskap no og bed folk betala så snøgt som råd, **helst før 1. april**, slik at det ikkje vert gløymt. Summen er den same som i fjor, 400 kroner. Hugs å kryssa av for kvittering når du nyttar nettbank, slik at du får eit medlemskort som gjev

- Rabatt på Det Norske Teatret (20 %)
- Kaffistova (10 %)
- Heimen Husflid (10 %)
- Bondeheimen (10 %)
- Hordaheimen (i Bergen) (10 %)
- og på andre NU-eigde lagsbruk.

Du kjem dessutan billegare inn på lagstilskipingane våre, får låna laghyttene våre rimelegare, og du får tilsendt lagsbladet vårt, Tre Fjordar, 6–7 gonger i året, dessutan Ungdom frå NU. Me håpar du vil halda fram å vera medlem i Sogn og Fjordanelaget i Oslo!

GLADMELDING

Gjenopning og smalahovehøg

Laurdag 25. oktober frå kl. 15.00



FOTO: Alv Reidar Dale ©

Denne gladmeldinga stod på trykk i avisa i fjor haust, og vi var om lag 20 stykke som fann vegen til hytta denne oktoberlaurdagen. Ute var det solskin og inne ei god stemning. Det vart ei gjenopning med to gode måltid, først risgraut og seinare smalahove. Alv Reidar var primus motor.

Arbeidet tok til i 2010. Det tok lengre tid enn rekna med, mellom anna fordi det synte seg å vi måtte byte ut kjøkengolvet på grunn av rote. Utvendig ser hytta ut om lag som før, den store skilnaden er at det har komme eit nytt og litt større tilbygg med litt takframspring. I dette er det no toalett og vaskerom og ein romslegare gang.

Denne gongen måtte vi «fuske litt» på turen til hytta, for det var mykje mat og anna som skulle opp. Jermund og Alv Reidar ordna biltransport, men plutseleg var det ein låst bom på vegen i Nittedal. Heldigvis ordna det seg slik at dei kom gjennom. Deretter vart det mange vender for å få alt bort på hytta, der mange kokkar var i sving både ute og inne.

Nokre gjestar fekk med seg alt, medan andre var der enten om dagen eller om kvelden.



Innvendig er det store endringar, med nytt kjøken og fjerning av vegg mellom dette og veslestova. Golvet er også nytt i denne delen av hytta. Her har Birger Underdal, med hjelp frå Olav Kvam, nettopp sett opp hemstrappa som han har laga. Foto: Agnar Kvellestad.



Ein av laget sine mest røynde kokkar, Anny Sollid, prøver det nye kjøkenet og lagar ein stor prosjon med risgraut. Til venstre medhjelpar Berit Aamodt. Foto: Agnar Kvellestad.



Genopninga innebar også påduking. Her er det Randi Veiteberg Kvellestad og Solveig Næss som dekka borda. Foto: Agnar Kvellestad.



“Her står vi no i flokk og rad”: Gisela Attinger, Oddgeir Havn og Agnar Kvellestad. Foto: Alv Reidar Dale.



Risgrauten smakte godt. Olav Kvam, Berit Aamodt, Randi og Dorthe Malene Veiteberg Kvellestad. Foto: Alv Reidar Dale.




Oddgeir Havn, Oskar Jahnsen, Valbjørg Grønvik og Solveig Næss ved kaffibordet. Foto: Tone Eid.



Etter grauten var det kaffi. Alv Reidar Dale, Finn Stafsnes, Gisela og Berit Ludvigsen. Foto: Tone Eid.



Vår gode hyttenabo Gisela Attinger fekk overrekt gåve, ein real brukskniv. Like før genopningshelga varsla ho om at kraftlinja fram til hytta hadde falle ned pga. snø. Alv Reidar Dale drog på synfaring, og Agnar Hegrenes fekk Hafslund til å ordna det ganske snøgt, slik at denne helga vart redda. Foto: Tone Eid.



Hyttekos med
Nationen.
Oddgeir Havn og
Jermund Holstad,
med og utan
briller.
Foto: Agnar
Kvellestad.



Smalahova kom i hus, og her gjeld det å få delt og tina dei før dei skal kokast. Andor Gjelsvik og Jermund Holstad. Foto: Alv Reidar Dale.



Kålrot og poteter på
nye kokeplater...

... og smalahova på
gamleomnen, som er
ein velbrukt Jøkul.

Foto: Agnar Kvellestad.



Jermund Holstad, Berit Gauksrud og Tone Eid sigler i smalahova. Foto: Agnar Kvellestad.



Alv Reidar, Jermund, Berit og Tone i gang med hove'ritten. Foto: Agnar Kvellestad.



Smalahove med god hyttestemning. På fjordane-sida av bordet har vi Andor, Oddgeir og Anny. Hova må etast med briller på, og vossakorven var berre 'attåtnæring' for dei som sleit med synet. Foto: Agnar Kvellestad.



Pål på Sinober, Birger, Ragnvald, Randi, Dorthe Malene og Agnar K. til bords med smalahove. Foto: Alv Reidar Dale.



Dei som var i byggjenemnda; Ragnvald Halset, Andor Gjelsvik, Hilmar Nummedal og Arnold Haukereid, fekk kvar sin kniv frå Helle Knivfabrikk i Sunnfjord. Her får Ragnvald sin. Hilmar og Arnold var ikkje til stades, men fekk overrekt knivane på eit seinare styremøte i laget. Foto: Agnar Kvellestad.



I tillegg til nemnda er det spesielt Birger og Agnar Hegrenes som har gjort ein stor innsats. Her får Birger si takk og sin kniv, og Agnar H. fekk si gáve på eit styremøte i laget seinare. Foto: Tone Eid.



I tillegg til at Andor fekk gáve som takk for innsatsen i nemnda, fekk han også på vegner av hytta ta imot ein ny vasele frå laget, overrekt av leiaren. Her prøver dei både ny og gammal vasele, yngste karen med eldste selen. Foto: Tone Eid.

Pål, som er med og driv Sinober Sportsstue saman med Ellen Sønsteby, våre gode grannar, fekk toleknivar til både seg og Ellen. Foto: Agnar Kvellestad.



Alv Reidar hadde også laga blautkake i høve det noko seine jubileet for Sunnfjordhytta som lagshytte (52 år i 2014). Foto: Agnar Kvellestad.



Sogn og Fjordaneringen

Vinteren og våren 2015

Ringen har faste øvingar kvar tysdag kl. 19.00 – 21.45 i Storsalen i Bygdelagshuset i Nordahl Brunsgate 22. I tillegg har Ringen ansvaret for folkedanskveldar enkelte søndagar – sjå søndagsdans våren 2015.

Ringen har no fått ny heimeside: <http://sognogfjordaneringen.no/461-2/>

Søndagsdans våren 2015

Desse folkedanskveldane vert skipa til i Bygdelagshuset i Nordahl Brunsgate 22. Det er minikurs kl. 18.–19.30 og deretter dans kl. 19.30–22.45.

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
4/1	Folkedansnemnda / Dei Frilynde	Rørspols
11/1	Valdreslaget / Dølalæte	Valdresspringar
18/1	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
25/1	SF-ringen / Bærum spelemannslag	Bingsjø
1/2	Numedalslaget / Eiker spelemannslag	Hallingsspringar
8/2	Symra / Østerdølene	Stildans
15/2	BUL / Elise T. m/venner	
1/3	Hordaringen / Brødrene Odde	Springleik
8/3	Symra / Steinsgårdskroken	Stildans
15/3	SF-ringen / Farande Fant	Boda
22/3	Hallinglaget / Enebakk spelemannslag	
12/4	Hordaringen / Sofienberg spelemannslag	Rørspols
19/4	Symra / Tonje og Stein Magne	Stildans
26/4	Telelaget / Dølalæte	
10/5	SF-ringen / Bærum spelemannslag	Bingsjø
17/5	Folkedansnemnda / Dei Frilynde	
31/5	Folkedansnemnda / Solveien spelemannslag	
7/6	Bygdelagsstemne Bygdøy / Østerdølene	

A

PROGRAM FOR VÅREN 2015

Tilskipingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar. Sjå

<http://www.sognogfjordanelaget.no/>

<http://sognogfjordaneringen.no>

<http://sognogfjordaneringen.no/aktivitetskalender/>

Laget sin konto er **0531 27 71723**

Opplysingar om folkedanstilskipingar finn ein på <http://folkedans.com/> og <http://www.bls.no/index.php?pubid=kalender&>

Kvar tysdag Kl. 19–21.45 Folkedansøving i Storsalen. Første gong 6.1.

Torsdagar Raspeball/-kake/klubb på Kaffistova i Rosenkrantz gate 8. Då er det ofte einkvan frå laget der. Med medlemskort i Sogn og Fjordanelaget får du rabatt.

Torsdag 19/2 Årsmøte i Sogn og Fjordanelaget

Fredag 27/3 Feiring av Nordfjordlaget 100 år

Søndag 17/5 Framsyningsdansing på helseinstitusjonar i Bærum

Søndag 7/6 Bygdelagsstemnet på Norsk folkemuseum på Bygdøy

Tysdag 9/6 Sommaravslutting i Ringen

Lagsavisa Tre Fjordar - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til neste avis er **1. mars**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Vi er takksame for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt til agnar.kvellestad.krøllalfa.nmbu.no. Alternativt til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Bilete er velkomne; helst digitale, men vi tek også imot papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad, Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal. (tlf.nr. på baksida).

Sendar: **SGON OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo

STYRET

Leiar: Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)
a.r.e.dale@uniforum.uio.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63
hilmar@getmail.no

PRESSE & PR

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvellestad@nmbu.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)
agnar.hegrenes@nilf.no

Kontakt Sunnfjordhytta: Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)
andorgj@frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta: Dagfinn Aa 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)
daa@ssb.no

SGON OG FJORDANDERINGEN

Leiar: Valbjørg Grønvik 48 18 28 98
valbjorg.gronvik@gmail.no